

Årsmelding 2005

183

oppretta det nye låneproduktet Flexilån som ble introdusert i juni

4

tilsette har sidan november hatt arbeidsplassen sin
i den nyopna avdelinga på Fagernes

3.727.950.000

var banken sin forvaltningskapital ved årsskiftet





Foto: Thorgeir Røer

Innhold

	Side		Side
Den anbefalte banken	3	Note 5: <i>Garantiar og andre betinga forpliktingar</i>	24
Styret si årsmelding for 2005	5	Note 6: <i>Prinsipp for periodisering av provisjon, gebyr m.v.</i>	25
Bankmagasinet 2006 ...	12	Note 7: <i>Andre driftskostnader</i>	25
Resultatrekneskap	14	Note 8a: <i>Tillitsvalte og tilsette</i>	25
Balanse per 31. desember 2005	16	Note 8b: <i>Ekstern revisjon</i>	26
Noter til konsernrekneskapen 2005	18	Note 9: <i>Pensjonsforpliktingar</i>	26
Rekneskapsprinsipp	18	Note 10: <i>Finansiell risikokommentar</i>	27
Konsolidering	18	Note 11: <i>Likviditetsrisiko</i>	27
Note 1: <i>Obligasjonar og andre rente-berande verdipapir morbank</i>	18	Note 12: <i>Finansielle derivater – Spar X og BMB</i>	28
Note 2a: <i>Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis</i>	18	Note 13: <i>Gjeld</i>	29
Note 2b: <i>Dotterselskap</i>	20	Note 14a: <i>Opplysningar om grunnlaget for utrekning av betalbare skattar</i>	29
Note 2c: <i>Tilknytt selskap</i>	20	Note 14b: <i>Utsett skatt</i>	29
Note 3a: <i>Risikoklassifisering av utlånsporteføljen</i>	21	Note 15a: <i>Eigenkapital</i>	30
Note 3b: <i>Prinsipp for vurdering av engasjement</i>	22	Note 15b: <i>Kapitaldekning</i>	30
Note 3c: <i>Tap på utlån</i>	23	Note 15c: <i>Kontantstraumanalyse</i>	31
Note 3d: <i>Utlån fordelt etter næring og geografi</i>	23	Årsmelding frå kontrollkomiteen	32
Note 3e: <i>Overtatte eigedomar</i>	23	Revisjonsberetning	33
Note 4: <i>Varige driftsmidlar – avskrivningar</i>	24	Tillitsvalte i 2005	34
		Visjon/Verdiar/Hovudmål	35



Foto: Tomas Carlström

Adm. banksjef Knut Oscar Fleten

Den anbefalte banken

Det krev gode resultat å drifte ein sparebank. Det viktigaste elementet i bankverksemda – som i all anna verksemd – er å sikre ei god økonomisk utvikling. Gode økonomiske resultat gir banken moglegheit til å gjennomføre sine hovudmål.

Det er sterk konkurranse i vår bransje sidan kjøp av våre produkt og tenester ikkje krev å vere fysisk tilstades der kunden bur (telefon, post og internett har fjerna geografiske barrierar). Skal banken vere eit førsteval for våre kundar, krev det konkurransedyktige prisar. I kvardagen opplever me at banken si hovudinntektskjelde – rentenettoen – er under sterkt press. Skal banken oppretthalde dagens resultatnivå, krev det ei større produktbreidde og volumvekst.

SpareBank 1 Hallingdal skal vere ein bank for alle kundar med tilknytning til Hallingdal og Valdres. Være kundar har ikkje færre krav eller behov enn kundar i andre bankar. Me skal dekkje behovet til dei små, ungdommen, studenten, førstegongsetableraren, etablerte, pensjonisten, sjølvstendig næringsdrivande, bonden, små og store bedrifter, gründeren, idrettslaget, foreldrekassa, jaktlaget, kommunen, off. selskap, osv, osv. Det krev at me har eit like omfangsrikt produkt og tenestetilbod som dei store nasjonale aktørane.

Vår største konkurransefordel er banken sine 4 kontor. Desse støttar opp under ein av våre to verdiar – nærheit. Det er i fysiske møte med våre kundar me legg grunnlaget for eit langt og godt kundeforhold. Dette omgrepet er likevel sterkt utvida. Være kundar forventar at me er like tilgjengeleg på telefon, telefaks og e-post. I tillegg forventar mange næringslivskundar at me er meir «ute enn inne». Dette krev andre løysingar og andre arbeidsprosessar enn i det tradisjonelle bankkontoret.

Utlån til næring medfører auka tapsrisiko samanlikna med andre bankar som i hovudsak baserar si verksemd på utlån til personkundar. Det er stor investeringsvilje i vår region. Me ser ein trend at utbyggjarane utviklar større område (40–60 hytter/leilegheiter). Det krev ein stor bank med mykje eigenkapital for å finansiere utbyggingsprosjekt til verdiar rundt 100 millionar kroner. Me må forvente større tap når banken engasjerer seg i næringslivet. Det krev gode resultat for å tåle år med noko større tap enn normalt.

Ein annan sentral dimensjon i vårt samfunnsengasjement er at me skal vere med å fremme vår kultur, idrett og andre viktige aktivitetar. I denne samanhengen ser me arbeidet mot barn og ungdom som det aller viktigaste. Gode resultat har gitt SpareBank 1 Hallingdal høve til å utvide sitt engasjement med sponsoravtalar og gåver.

Være tilsette er likevel nøkkelen til vår suksess. Med bakgrunn i det som er nemnd framom legg banken mykje ressursar i å utdanne dei tilsette slik at dei til ei kvar tid har den nødvendige kompetansen til å vere ein god rådgjevar for våre kundar. Den andre av våre to verdiar – dyktig – legg grunnlaget for at våre kundar skal kunne hevde følgjande overfor sine omgjevnader:


SpareBank 1 Hallingdal – den anbefalte banken.



«Gjengen» samla på Beitostølen hausten 2005

Styret si årsmelding for 2005

Konsernet SpareBank 1 Hallingdal har levert eit svært godt resultat i 2005. Konsernet si verksemd omfattar først og fremst morbanken, men til verksemda høyrer også dotterselskapa Hemsedal Regnskap AS og eigedomsselskapa SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS og SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS. Det er morselskapet som i hovudsak dannar dei økonomiske storleikane i konsernet, men kommentarane omhandlar heile konsernet.



1. november 2005 opna SpareBank 1 Valdres – med fire fast tilsette – i Østensviggården, Fagernes

Norsk og internasjonal økonomi

Både internasjonalt og i Norge vart 2005 eit nytt sterkt år. USA har noko lågare vekst i 2005 enn i 2004, medan veksten er på veg oppover i Eurosona og i Japan. Året har vore prega av sterkt stigande oljeprisar og til tider frykt for at dette ville hemme veksten. Mot slutten av året har oljeprisane vorte noko redusert. Rentemarknaden har også vore prega av forventningar om låg inflasjon på lang sikt fordi ein stadig større del av produksjonen skjer i Asia.

Den sterke stigninga i oljeprisen hausten 2004 og første halvår i 2005, førte til frykt for at veksten i økonomien ville stoppe opp. Dei første månedane i året fekk me ein klar nedgang i amerikanske makroindikatorar. Utviklinga snudde derimot. I september og oktober kom det svake tall på grunn av den kraftige orkansesongen, men etter det har tala teke seg opp att. Inflasjonen i USA har helde fram i 2005 sjølv om den framleis er låg. Den amerikanske sentralbanken har svara med å heve signalrenta gjennom heile året og har kome opp på 4,25% ved utgangen av 2005.

I tillegg til USA, er Kina framleis ein viktig bidragsytar til veksten i verda, men etter ei lang nedgangsperiode dei siste åra, har me også sett at veksten i Japan har manifestert seg i 2005. Veksten vart 2,25% (estimat), men ein reknar med han blir lågare i 2006. Eurosona har lenge vore prega av låg vekst, høg arbeidsløyse og lågt privat forbruk. Det er store forskjellar mellom landa, men me ser at spesielt i Tyskland, som er den største økonomien i den europeiske unionen, er aktiviteten i ferd med å ta seg opp. I desember sette den europeiske sentralbanken opp signalrenta frå 2,0% til 2,25%. Dette var den første renteendringa frå sentralbanken på 2,5 år.

Norsk økonomi har vist god aktivitet i 2005. I bedriftene har låg rente og moderat lønsvekst gitt god lønsemd. I følgje tal frå Aetat er arbeidsløysa redusert frå 4,1% i januar til 3,0% ved slutten av året. Kjerneinflasjonen har stige gjennom året frå 0,7% i januar til 1,1% i november. Kreditteveksten låg på eit høgt nivå ved inngangen til 2005, og har helde fram med å stige gjennom året.

Etter at Norges Bank si styringsrente hadde ligge uendra sidan mars 2004, sette sentralbanken opp renta med 0,25 prosentpoeng i juni og deretter med ytterlegare 0,25 prosentpoeng i november. I banken sine uttaler i samband med rentemøta i slutten av 2004 og byrjinga av 2005 heitte det at «vi vil ligge etter andre land i justeringen av rentenivået». I sentralbanksjefen si tale på årsmiddagen for Norges Bank i februar, endra Gjedrem på ordlyden. Det heitte ikkje lengre at me skulle liggje etter andre land, men at me hadde liggje etter andre land i justeringar av rentene. Dermed var det duka for renteoppgang.

Etter å ha svekka seg mange år, har dollaren styrka seg gjennom 2005. Krona er såleis svekka mot dollar, medan den er noko styrka mot euro. Aksjemarknaden både internasjonalt og i Norge har hatt ei svært positiv utvikling, medan den amerikanske aksjemarknaden har utvikla seg tilnærma flatt.

Strategisk samarbeid i SpareBank 1-alliansen

SpareBank 1-alliansen har som overordna målsetting å sikre den einkilde bank si sjølvstende og regionale forankring gjennom sterk konkurransevne, lønsemd og soliditet. SpareBank 1-alliansen er eit breitt samarbeid mellom 19 sjølvstendige SpareBank 1-bankar med samla forvaltningskapital på nærare 270 milliardar kroner. Alliansesamarbeidet blir koordinert gjennom det felles eigde finanskonsernet SpareBank 1 Gruppen AS.

SpareBank 1 Gruppen AS er eigd med 17,63 prosent kvar av SpareBank 1 SR-Bank, SpareBank 1 Midt-Norge, SpareBank 1 Nord-Norge og Samarbeidende Sparebanker AS. Andre eigarar er FöreningsSparbanken AB (19,5 prosent) og LO (10 prosent). SpareBank 1 Hallingdal si deltaking i SpareBank 1-alliansen blir teke i vare gjennom eigarskapet i Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar). Mellom eigarbankane er det utvikla eit svært godt samarbeidsklima, som bankane nyt godt av gjennom arbeidsdeling, kompetanseoverføring og felles prosjekt.

SpareBank 1 Gruppen AS, som er Norges 42. største selskap, eig Bank 1 Oslo AS og produktselskapa SpareBank 1 Livsforsikring AS, SpareBank 1 Fondsforsikring AS, SpareBank 1 Skadeforsikring AS og ODIN Forvaltning AS – samt 24,5 prosent i First Securities ASA og 19,9 prosent i SpareBank 1 Bilplan AS.

SpareBank 1 Gruppen AS har vidare det administrative ansvaret for alliansesamarbeidet i SpareBank 1-alliansen, der IT-drift og utvikling, merkevare, kompetansebygging, felles prosessar, utnytting av beste praksis og innkjøp står sentralt. Alliansen har bl.a. etablert tre kompetansesentra, for Betalingsområdet (i Trondheim), Kreditt (i Stavanger) og Læring (i Tromsø).

Resultatutviklinga i SpareBank 1 Gruppen AS for 2005 viser at ein har nådd måla innafor alle verksemdsområde, og at eigarane sine ambisjonar om ein tilfredsstillande eigenkapitalavkastning er nådd. SpareBank 1 Gruppen AS leverer i 2005 betra resultat på alle område.


SpareBank 1 Gruppen sine produktselskap leverer gode og konkurransedyktige produkt til bankane innafor spare-, pensjons- og forsikringsområdet. I 2005 har utviklinga vore svært god innafor alle produktområde. Blant høgdepunkta kan nemnast at SpareBank 1 Skadeforsikring har starta forsikringsselskap i Sverige saman med Trygg-Hansa, som skal distribuere skadeforsikringsprodukt gjennom FöreningsSparbanken. Vidare har SpareBank 1 Livsforsikring levert produkt skreddarsydd den nye lova om obligatorisk tenestepensjon (OTP) som er godt motteke i marknaden. ODIN Forvaltning har nok eit år levert avkastning over indeksen for alle sine fond. Bank 1 Oslo har etablert 4 nye filialar i 2005, og har starta utrulling av ein plan for opning av fleire nye kontor i Oslo, Akershus og Hedmark.

SpareBank 1-alliansen sin strategi for perioden fram mot 2007 er basert på forventningar om ein ytterlegare skjerpa konkurranse situasjon i både den nasjonale og den regionale finansmarknaden. Ei slik utvikling krev eit sterkere samarbeid for å ta ut ytterlegare fordelar i form av lågare kostnader, auka kompetanse og auka kvalitet i handsaminga av kundane. Ambisjonsnivået for alliansesamarbeidet er i så måte høgare enn nokon gong før.

SpareBank 1 Hallingdal si verksemd i 2005

SpareBank 1 Hallingdal kan sjå attende på eit svært godt år resultatmessig. Med eit overskot etter skatt i konsernet på rekordhøge 52,4 mill. har banken stadfesta sin posisjon som ein solid bank som står godt rusta til å møte auka konkurranse i åra framover.

Auka konkurranse på utlånssida har medført ei endring i bankens prisstruktur på utlån overfor personkundane. I bedriftsmarknaden er det sterk konkurranse om dei «gode» kundane og det medfører auka prisdifferensiering mellom bedriftskundane. Resultatet er lågare utlånsrenter til kundane og lågare rentemargin for banken. Banken er meir avhengig av inntekter frå andre produkt og tenester. Det er vedteke eit kompetanseløft dei neste åra, som skal gje resultat i form av auka breiddesal. Den organiske veksten held fram og banken har auka talet på tilsette i løpet av året.



Ei kartlegging av banken sin posisjon i marknadsområdet vart gjennomført sommaren 2005. Den viste at banken har ein svært sterk posisjon i Hallingdal. Banken held fram med å auke sin marknadsandel. I personmarknaden skjer veksten primært i Gol kommune der andelen no er på 55%. I Ål og Hemsedal kommune ligg marknadsandelen stabil på om lag 85%. SpareBank 1 Hallingdal har frå sist måling for to år sidan klart å vidareutvikle banken sitt omdømme. Banken blir i større grad enn tidlegare oppfatta som «nær» og med «gode vilkår». EiendomsMegler 1 står også sterkt i området, både med omsyn til kjennskap og preferanseposisjon.

SpareBank 1 Hallingdal etablerte i 2005 verksemd under merkenamnet SpareBank 1 Valdres i Fagernes i Nord-Aurdal kommune. Banken har inngått ei langsiktig avtale om leige av lokale i 1. etasje i Østenviggården, som ligg sentralt plassert i Skrautvålsvegen rett inntil E16 i Fagernes sentrum. Det er gode parkeringstilhøve ved banken. Totalt vil det arbeide 4 personar i avdeling SpareBank 1 Valdres.

Valdres står fram som eit attraktivt marknadsområde med positiv vekst innafor fleire område. Fagernes er det naturlege handelssentrumet i Valdres der dei fleste forretningane er representert. I tillegg er Fagernes eit trafikknutepunkt i regionen. Regionen har mange likheitstrekk med Hallingdal, og SpareBank 1 Valdres kan støtte seg til ein organisasjon som har 135 års erfaring med utfordringar og moglegheiters tilsvarende det banken møter i Valdres. DnBNOR og Nordea er dei største aktørane i området. Valdres Sparebankgruppe er representert med eit felles kontor. SpareBank 1 Valdres har som målsetting å utfordre dei store nasjonale finanskonserna i Valdres.

Risikoforhold og intern kontroll

Styret si målsetting er at banken skal ha ein låg driftsrisiko, og banken sin samla risiko skal liggje godt innafor akseptable grenser. Det er difor i 2005 påbegynt arbeid med å fastsette rammer for risiko innafor dei ulike fagområda. Rammene er ikkje endeleg vedteke enno.

Det har i året vore spesiell fokus på intern kontroll. Fagsjefane har eit kvalitetsansvar og står for oppfølging av kontrollen. Rapportering skjer kvartalsvis til administrerende banksjef. I tillegg er Ernst & Young engasjert i interne revisjonsprosjekt fram til juni 2006.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko, eller kurs- og renterisiko omfattar banken sin risiko knytt til posisjonar i valuta, aksje- og rentemarknaden. Banken har ingen valutarisiko utover det som er knytt til eigen valutabehaldning. Mesteparten av banken sine utlån og innskot er på flytande rente, dvs. at renta blir regulert i takt med pengemarknadsrenta. Banken sin utlånsportefølje med fast rente er på 167 mill. kroner. Samstundes er 100 mill. kroner sikra med swap-avtaler og gjer at renterisikoen er liten. Innskotsporteføljen med fast rente utgjør 34 mill., men er i liten grad sikra med swap-avtaler. Ut frå dagens rentenivå blir denne risikoen vurdert som akseptabel.

Banken har ei portefølje på vel 250 mill. kroner som blir forvalta av ekstern forvaltar. Samansetninga i porteføljen vart i første halvdel av 2005 endra for å redusere risikoen. Eksponeringa mot aksjemarknaden er redusert til fordel for renteberande papir. Porteføljen hadde ved utgangen av 2005 ei samansetning på ca 10% aksjar og 90% obligasjonar/sertifikat. Aksjeposten er likt fordelt mellom norske aksjar og utanlandske aksjefond og har såleis ei god spreiding. Urealisert gevinst knytt til aksjeposten var på 7,4 mill. kroner ved utgangen av året. Obligasjonsporteføljen er sett saman av papir med kort durasjon for å redusere renterisikoen mest mogeleg, men det avgrensar gevinstmoglegheitene. Gjennomsnittleg durasjon var ved utgangen av 2005 på 0,37 mot over 2,60 for eit år sidan. Den totale renterisikoen i balansen blir vurdert som liten. Sjå elles nærare detaljar i note 10.


Kredittrisiko

Kredittrisiko er knytt til tap på utlån eller garantiar for kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utstederar. Banken har etablert standardiserte rutinar for kredittgjeving, etablert fullmaktsstruktur og innført risikoklassifisering av alle nye lån. Andelen av lån som er klassifisert i dei to svakaste gruppene, kategori D og E, er redusert med 15% i 2005 og utgjør snautt 10% av utlånsporteføljen. Av samla utlån er over 60 % lån til private der låna for ein stor del er sikra med pant i bustad i Hallingdal. Styret vurderer difor risikoen for tap på personmarknaden som relativt liten. Låna til bedriftsmarknaden er det knytt større risiko til, og andelen overstig ikkje grensa som er sett til 40% av samla utlån. Låna er fordelt på mange engasjement og på mange bransjar som gir god risikospreiding, men sidan banken opererer i ein region der reiselivet er den viktigaste næringa, vil banken sin risiko følgje svingingane i næringa. I 2006 er det venta og budsjettert med 4 mill. kroner i tap.

Styret vurderer samla kredittrisiko som relativt liten.

Likviditetsrisiko

Over tid har banken hatt eit behov for å hente pengar i marknaden for å finansiere differansen mellom innskot og utlån. Sjølvfinansieringsgraden har auka noko i 2005 som følgje av god innskotsvekst, og det har difor ikkje vore behov for å auke innlåna frå marknaden sjølv om utlånsvolumet har auka. Nye låneopptak er gjort for å refinansiere forfall på gamle lån. Ved låneopptak blir forfallstidspunktet lagt slik at banken får ei god fordeling av forfallstidspunkta framover. I tillegg har banken mot slutten av året utvida dei unytta trekkrettane til 150 mill. kroner. Tilgangen på likviditet i marknaden er svært god for tida, og det har pressa marginane. Banken har difor gunstigare innlånskostnader enn for berre eit år sidan. Styret meiner banken sin likviditetsrisiko er redusert gjennom året og at den er liten ved utgangen av 2005.



Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risiko for feil og manglar som konsekvens av mangelfulle system, rutinar og kompetanse. Banken har etablert rutinar for sikring av god kvalitet i verksemda, med kvartalsvis rapportering av kontrollhandlingar for dei ulike fagområda i banken. I tillegg satsar banken på kompetanseheving gjennom kontinuerleg tilbod om etterutdanning og vidareutdanning.

Konsernet sin organisasjon

SpareBank 1 Hallingdal har ikkje hovudkontor. Bankverksemda blir drive frå fire likeverdige fullservice-kontor lokalisert i tettstadene Ål, Hemsedal, Gol og Fagernes. Datterselskapet Hemsedal Regnskap AS er lokalisert i Hemsedal.

Ved utgangen av året hadde konsernet 77 heil- og deltidstilsette (i tillegg kjem 2 ekstrahjelpar). Samla årsverk ved utgangen av året var på 69,7 mot 67 årsverk året før.

Samla personalkostnader, inkludert pensjonskostnader og sosiale kostnader utgjorde 35,2 mill. kroner i 2005. Godtgjersle til administrerende banksjef, styret og andre tillitsvalde går fram av notane. Det same gjer lån og garantiar til banken sine tillits- og tenestemenn.

Morbanken held i 2005 fram med si satsing på kompetanseheving. Fleire tilsette deltok på vidareutdanningsprogram, i hovudsak innafor BI-systemet, og der bl.a. 3 tilsette fullførte utdanning som autoriserte forsikringsrådgjevarar. I tillegg var banken delaktig i å få på plass eit utdanningsprogram innafor alliansen, læringshuset. Implementering av dette har starta for fullt og vil halde fram i dei komande åra.

Styret vurderer banken sitt arbeidsmiljø som tilfredsstillande. Våren 2005 etablerte SpareBank 1 Hallingdal eit eige Arbeidsmiljøutval. Arbeidsmiljøutvalet sine medlemar og verneomboda er gitt nødvendig opplæring. I 2005 vart bedriftslegeordninga avslutta, samtidig som eit samarbeid med Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste har ført fram til at det blir etablert ei medlemsavtale med dei frå 2006.

Sjukefråveret i banken er stabilt lågt og under gjennomsnittet i bransjen. I 2005 var samla sjukefråvere på 4,0% (mot 4,2% i 2004). Av dette var 3,5 % legemeldt sjukefråvere (mot 3,7% i 2004). I Hemsedal Regnskap AS har sjukefråvere vore svært lågt dei siste 2 åra med ein fråversprosent på 0,25.

Forureining av det ytre miljøet som følgje av banken si verksemd er minimal. Det er ikkje registrert personskader i 2005.

Likestilling

I samsvar med krav i likestillingslova skal det i årsmeldinga gjerast greie for situasjonen i konsernet når det gjeld likestilling.

Tilsette i konsernet per 31.12.05 fordelte seg med 58% kvinner og 42% menn. I morbanken var fordelinga 59% kvinner og 41% menn. På leiarnivå er kvinneandelen i konsernet 25% og i morbanken 27%. I styret er samansetninga 5 menn og ei kvinne. Det er ikkje lønsforskjellar mellom kjønna i banken for medarbeidarar i same type stilling, men det kan vere stor lønsforskjell mellom stillingar ut frå stillingsinnhald og krav til kompetanse.

Arbeidstida er lik for begge kjønn, men kvinner ønskjer i større grad redusert arbeidstid enn menn. Banken har såleis ei overvekt av kvinner i deltidsstillingar.

Banken oppmuntrar og legg forholde til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholde blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale. Store moglegheiter for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling må og sjåast som eit ledd i banken sitt likestillingsarbeid.

Resultatet for 2005

Driftsresultatet før tap og skatt i konsernet vart 54,9 mill. kroner eller 1,52% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I høve til 2004 er dette noko svakare då resultatet var 66,8 mill. kroner, eller 2,02%. Begge åra har avkastning og gevinst på verdipapir utgjort 12-13 mill. kroner. Resultatet før skatt vart derimot svært godt, 69,9 mill. kroner mot 62,1 i 2004. Årsaka er i hovudsak endringar i tapsavsetningane og reversering av nedskrivning av aksjar, som til saman gav ein positiv resultatteffekt på 15 mill. kroner.


Heile 2005 var prega av eit lågt rentenivå, men 2 rentehevingar frå Norges Bank lyfta styringsrenta 0,5 prosentpoeng gjennom året. Banken sine netto rente- og kredittprovisjonsinntekter enda på 86 mill. kroner, som tilsvarar ein rentenetto på 2,36% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Tilsvarande tal for 2004 var 89,2 mill. kroner og 2,66%. Rentemarginen er redusert frå 2,89% til 2,69% det siste året.

Netto andre driftsinntekter utgjorde 42,8 mill. kroner eller 1,19% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Netto

provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester utgjorde 23,4 mill. kroner, og er ein auke på 11,4% frå året før. Fjoråret var prega av sterk økonomisk vekst på verdsbasis og i Norge. Ein del av denne utviklinga har kome banken til gode med ein kursgevinst på verdipapir som utgjorde 12,8 mill. kroner. Dette var 1,2 mill. kroner over den gode avkastninga i 2004, og det tredje året på rad med over 10 mill. i årleg positivt resultatbidrag.

Sum driftskostnader auka til 72,0 mill. kroner eller 2,00% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Samanliknande tal for 2004 var 63,7 mill. kroner og 1,92%. Auken i samla kostnader er på 13,1% der personalkostnadane utgjør den største auken med 5,1 mill. kroner eller nesten 17%. I tillegg til generell lønsvekst har det vore ein auke i talet på årsverk i organisasjonen.

Administrasjonskostnadane auka 1,8 mill. kroner. Fellesutgifter til SamSpar utgjør hovuddelen av dette med ein auke på 1,4 mill. kroner. Avskrivningar og andre driftskostnader er om lag uendra frå 2004. Banken hadde då ein kostnadsprosent på 66 i høve til banken sine driftsinntekter dersom ein korrigerer for inntekter frå verdipapir som kan ha store svingingar. For 2004 var kostnadsprosenten 59,0. Auken i kostnadsprosenten kom som eit resultat av banken sine investeringar på personalsida, noko som har gjort banken rusta for ytterlegare vekst, men som også må føre til ein auke i driftsinntektene i åra framover.



Tap på utlån og garantiar vart bokført med ei nettoinntekt på 10,8 mill. kroner. Dette er ein uvanleg situasjon som har sin årsak i fleire tilhøve. I 2006 vil banken ta i bruk nye tapsforskrifter. I forkant av dette er det gjort ein gjennomgang av misleghalde engasjement og ein del mindre engasjement vart tapsførte i 2005. Konstaterte tap i året utgjorde 3,8 mill. kroner, men nettoendringa i tapsavsetningane vart positiv med 13,3 mill. kroner. I tillegg kom 1,3 mill. i inntekt frå sal av overtatt eigeidom og som har gått inn på tidlegare konstaterte tap.

Avsetning til spesifiserte tap utgjør 3,6 mill. kroner ved utgangen av 2005 og er ein nedgang på 9,1 mill. kroner frå året før. Misleghalde lån over 90 dagar utgjør 31,3 mill. kroner som er ein reduksjon på 3,1 mill. frå 2004. Styret er nøgd med utviklinga i misleghald dei siste åra, misleghaldet var ved utgangen av 2005 på 0,89% av brutto utlån.

Uspesifiserte tapsavsetningar tek omsyn til engasjement som ikkje er risikoklassifiserte eller vurdert i høve til spesifiserte avsetningar. Denne delen av porteføljen er stor og omfattar i hovudsak lån til privat sektor og noko lån til bedriftsmarknaden. Banken hadde ei uspesifisert tapsavsetning ved utgangen av 2005 på 22,1 mill. kroner, ein reduksjon på 4,3 mill. kroner frå året før. Storleiken på avsetninga blir vurdert som tilfredsstillande ut frå storleiken i låneporteføljen.


Etter frådrag for skatt med 17,5 mill. kroner, vart resultatet av ordinær drift for konsernet 52,4 mill. kroner mot 45,2 mill. kroner i 2004.

I samsvar med lov om årsrekneskap m.v. § 3-3a, stadfestar styret at føresetnadane for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen er sett opp etter denne føresetnaden.

Årsoverskot og disponeringar


Styret foreslår følgjande disponeringar:

Årsoverskot av ordinær drift etter skatt	kr 52.349.000,-
Overført til sparebankens fond	kr 52.239.000,-
Overført til gaver med almennyttige føremål	kr 110.000,-
Sum disponert	kr 52.349.000,-




Balansen

Konsernet hadde ved utgangen av 2005 ein forvaltningskapital på 3.724 mill. kroner som var ein auke på 251 mill. kroner eller 7,2%. Konsernet fekk tilført kapital i året gjennom auke i innskott frå kundar på 207 mill. kroner eller 9,9%. I 2004 var innskotsauken 9%. Veksten siste året har vore størst i offentlig sektor med 35%, medan næringslivet elles har ein auke på 14% og private med 4,8%.




Samla utlån auka 173,6 mill. kroner, eller 5,6% i fjor. Veksten i 2004 var 7,6%. Av denne veksten kom 198 mill. kroner frå private, medan næringslivet hadde ein samla nedgang på 23,4 mill. kroner. Fordelinga mellom lån til personmarknaden og bedriftsmarknaden utgjorde 60,7 % og 39,3% av banken si samla utlånsmasse. Dette er ei fordeling som banken er nøgd med då andelen lån til næringslivet var oppe i over 45% i 1999. Sjølv med dagens fordeling er banken blant dei bankane i landet som har høgst andel utlån til bedriftsmarknaden. Målsettinga er å halde denne andelen under 40%.



Innskott i prosent av utlån har hatt ein auke gjennom året og enda på 70,5% mot 67,7% ved utgangen av 2004. Det har ikkje vore nødvendig med ekstern kapitaltilførsel i 2005 og banken si sertifikat og obligasjonsgjeld har gått litt ned då to Spar-X avtaler har gått ut i året.

Konsernet sin egenkapital

Etter forslag til avsetningar utgjør konsernet sin egenkapital ved utgangen av året 593 mill. kroner. Konsernet si kapitaldekning er 19,2%, lovkravet er minimum 8%.



Eigenkapitalavkastninga etter skatt vart 9,2% i 2005 mot 8,7% i 2004.

Dotterselskap

Alle dotterselskapa er heileigde av morselskapet.

Hemsedal Regnskap AS vart stifta i 1984. Selskapet leverer rekneskapstenester og rådgjeving til næringslivet i området, og er det einaste lokale rekneskapsfirma med ein viss storleik i Hemsedal. Ved årsskiftet hadde selskapet 8 fast tilsette. Hemsedal Regnskap AS hadde eit resultat etter skatt i 2005 på kr 15.000 mot kr 85.000 i 2004.

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS driv med kjøp, bygging, utleige og drift av fast eigedom. Selskapet vart stifta i 1982. Selskapet har ingen fast tilsette. Selskapet leiger ut lokale til banken på Ål. I 2005 er morbanken sine ikkje-strategiske aksjar overført til selskapet, ein aksjepost på 0,7 mill. kroner. Selskapet eig 1/3 av aksjane i Torpomoen AS og har innarbeidd eit underskot frå dette selskapet på 0,8 mill. kroner i 2005. Resultatet etter skatt er difor negativt med vel 0,7 mill. kroner i 2005 mot eit overskot på 1,6 mill. i 2004.

SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom. Selskapet vart stifta i 2004, og har ingen fast tilsette. Selskapet leiger ut lokale til banken i Hemsedal, Hemsedal Regnskap AS og nokre eksterne leigetakarar. Selskapet hadde sitt første heile driftsår i 2005. Resultatet etter skatt vart negativt med kr 90.000.

SpareBank 1 Gol Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom. Selskapet vart stifta i mai 2005, og har ingen fast tilsette. Selskapet leiger ut lokale til banken i Gol. Selskapet har vel eit halvt års drift bak seg, og resultatet etter skatt vart kr 378.000.

Utsiktene for 2006

SpareBank 1 Hallingdal forventar i 2006 stor aktivitet i Hallingdal og Valdres. Moderat renteoppgang, gode bedriftsresultat, god likviditet hjå personkundane og stabil kommuneøkonomi gir eit positivt syn komande år. Byggeaktiviteten på nye fritidsbustader er forventa å halde fram, og banken forventar eit høgare investeringsnivå i næringslivet samanlikna med 2005. Kredittveksten i banken sitt marknadsområde er venta å framleis vere høg.

Fleire gode år i finansnæringa gir auka konkurranse. Konkurransen er venta å bli like sterk i 2006. Banken budsjetterer med ein lågare rentemargin i 2006, og banken må kompensere dette i form av utlånsvekst og vekst i andre inntekter. Det er investert betydelege ressursar i nye kredittsystem, som skal hindre auka risiko i banken sin utlånsportefølje sjølv med auka kredittvekst. SpareBank 1 Hallingdal ventar difor ikkje høgare risiko for tap sjølv om banken no har gått inn i eit nytt marknadsområde for å ta marknadsandelar.

Resultatet i 2005 fekk eit ekstraordinært løft pga. reduserte tapsavsetningar, inngang tidlegare konstaterte tap og oppskrivning av aksjane i Samarbeidende Sparebanker AS. Banken ventar eit normalisert driftsresultat i 2006. Pga. investeringar i ny avdeling i Fagernes, og pågåande investeringar i eit kompetanseløft for tilsette i organisasjonen, vil forventa resultat i 2006 vere lågare enn målsett eigenkapitalavkastning. SpareBank 1 Hallingdal investerer for framtida, slik at banken skal kunne levere tilfredsstillande resultat med ein lågare rentemargin og normalisert tapsnivå.

Avsluttande merknader

Styret takkar kundane, forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette for eit godt samarbeid i 2005. God oppslutning om banken, nyetablering i Fagernes og solid innsats i alle ledd i organisasjonen har gitt banken eit godt utgangspunkt for 2006.

Ein syner elles til rekneskapan med noter.

Hallingdal, den 31. desember 2005/6. februar 2006

Torleif Bjella (sign.)
Styreformann

Kjell Vidar Bergo (sign.)
Nestformann

Kjell Kristiansen (sign.)

Kari Beate Lilleaas (sign.)

Vidar Isungset (sign.)

Knut Oscar Fleten (sign.)
Adm. banksjef

Klare til å redde liv

Om hjertet stopper er tid og hjerte-lungeredning to avgjerende faktorer. Utrusta med hjertestarterar og solid oppløring er dei tilsette i SpareBank 1 Hallingdal gode budde om uhukka er ute.

Dei som er klar til å redde liv er hjerte- og lungeredningstilsette i SpareBank 1 Hallingdal. Dei er utrusta med hjertestarterar og har gjennomført omfattende oppløring. Dei er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

Også i 2005 gjekk mange tilsette i SpareBank 1 Hallingdal gjennom sertifiseringskurs i bruk av hjertestarter. Banken har hjertestarterar på kontora i Hemsedal, Ål og Gol.

HEKTA fra fyrste skot



BANK 1 bøndet

Med trening tre kvelder i veka og trenn i helgene i veka er livet når det er på topp. Slik er livet når det er på topp. Slik er livet når det er på topp.

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

«Det er viktig å ha hjertestarterar på kontora og i offentlege stader. Det er viktig å ha oppløring og utrusting tilgjengelig. Det er viktig å ha tilsette som er klare til å redde liv om det skjer ein ulykke.»

Skiskyttarmiljøet i Hallingdal er i vekst. SpareBank 1 Hallingdal er med på laget som støttespeler.

I Bankmagasinet kan du få eit innblikk i kva for verdiar banken fører attende til lokalsamfunnet. – Vi har eit samfunnsansvar, seier adm. banksjef Knut Oscar Fleten.

Ring 03202 dersom du ynskjer Bankmagasinet tilsendt.

BANKMAGASINET

«Det beste er all energien borna gjev oss»

Ung satsing på tradisjonell gardsdrift

HEKTA fra fyrste skot

Resultatrekneskap

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

	Note	2005 Morbank	2005 Konsern	2004 Morbank	2004 Konsern
Renteinntekter og liknande inntekter					
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kred.inst.		4.790	4.790	2.527	2.527
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kundar		127.105	125.186	125.558	123.739
Renter og likn. innt. av certifi., obl. og and. renteb. v.pap.	1	7.207	7.207	9.380	9.380
Andre renteinntekter og liknande inntekter		–	1	–	–
Sum renteinntekter og liknande inntekter		139.102	137.184	137.465	135.646
Rentekostnader og liknande kostnader					
Renter og liknande kostn. på gjeld til kred.institusjonar		5.331	5.331	6.093	6.093
Renter og liknande kostn. på innsk. frå og gjeld til kundar		29.306	29.284	27.000	26.971
Renter og liknande kostn. på utstedte verdipapir		18.426	18.426	15.104	15.104
Andre rentekostnader og liknande kostnader		16	16	48	48
Sum rentekostnader og liknande kostnader		53.079	53.057	48.245	48.216
NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINTEKTER		86.023	84.127	89.220	87.430
Utbytte og andre innt. av v.pap. med var. avkastning					
Inntekt. av aksjar, andelar og andre verdipapir med var. avkast.	2a	1.383	1.383	1.507	1.507
Inntekter av eigarinteressar i tilknytt selskap	2c	–	-799	–	-349
Inntekter av eigarinteressar i konsernselskap	2b	-438	–	1.709	–
Sum utbytte og andre inntekter av v.pap.med var. avkastning		945	584	3.216	1.158
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester					
Garantiprovisjon	5	7.343	7.343	7.722	7.722
Andre gebyr og provisjonsinntekter	6	17.773	17.773	15.294	15.294
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		25.116	25.116	23.016	23.016
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester					
Andre gebyr og provisjonskostnader		1.745	1.745	1.978	1.978
Netto verdiendr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.					
Nto verdiendr., gev./-tap på sertifikat, obl.og andre renteb. v.pap.	1	2.570	2.570	889	889
Nto verdiendr., gev./-tap på aksjar og and. v.pap. med var.avkastn.		8.552	8.552	9.644	9.644
Nto verdiendr., gev./-tap på valuta og finansielle derivater	12	1.667	1.667	1.083	1.083
Sum nto verdiendr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.		12.789	12.789	11.616	11.616
Andre driftsinntekter					
Driftsinntekter faste eigedomar	4	79	1.200	358	997
Andre driftsinntekter		1.711	4.867	3.351	8.279
Sum andre driftsinntekter		1.790	6.067	3.709	9.276
Løn og generelle administrasjonskostnader					
Løn m.v.					
Løn	8a	24.807	27.065	21.004	23.150
Pensjonar	9	3.116	3.463	2.751	2.966
Sosiale kostnader		4.367	4.699	4.020	4.035
Administrasjonskostnader		21.106	21.109	19.272	19.272
Sum løn og generelle administrasjonskostnader		53.396	56.336	47.047	49.423

	Note	2005 Morbank	2005 Konsern	2004 Morbank	2004 Konsern
Avskrivningar m.v. av varige dr.middel og immatr. eiged.					
Ordinære avskrivningar	4	1.477	4.920	1.593	4.411
Andre driftskostnader					
Driftskostnader faste eigedomar		19	610	153	924
Andre driftskostnader	7	15.349	10.189	15.265	8.968
Sum andre driftskostnader		15.368	10.799	15.418	9.892
Tap på utlån og garantiar					
Tap på utlån	3	-10.821	-10.821	4.729	4.729
Sum tap på utlån, garantiar m.v.		-10.821	-10.821	4.729	4.729
Nedskrivning/reversering av nedskrivning og gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar					
Reversering av nedskrivning	2a	-4.733	-4.733	–	–
Tap		517	517	–	–
Sum nedsk/rev av nedsk og gev/tap på vp som er anl.m.		-4.216	-4.216	–	–
RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		69.714	69.920	60.013	62.063
Skatt på ordinært resultat	14	17.365	17.510	15.972	16.775
RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT		52.349	52.410	44.041	45.288
RESULTAT FOR REKNESKAPSÅRET		52.349	52.410	44.041	45.288
Overføringar og disponeringar					
Disponeringar					
Overført til sparebanken sitt fond	15	52.239	–	43.941	–
Overført til gåver		110	–	100	–
SUM DISPONERINGAR		52.349	–	44.041	–

Balanse per 31. desember 2005

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

EIGEDELAR	Note	2005 Morbank	2005 Konsern	2004 Morbank	2004 Konsern
Kontantar og fordringar på sentralbankar		50.704	50.704	55.323	55.323
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar					
Utlån til og fordr. på kred.inst. utan avtalt løpet.el.opps.frist		115.483	115.483	71.889	71.889
Sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		115.483	115.483	71.889	71.889
Utlån til og fordringar på kundar					
Kasse-/drifts- og brukskredittar		255.240	255.240	190.427	190.426
Byggjelån		47.608	47.608	51.432	50.864
Nedbetalingslån		2.968.711	2.899.233	2.856.133	2.785.762
Sum utlån før spesifiserte og uspes. tapsavs.		3.271.559	3.202.081	3.097.992	3.027.052
- Spesifiserte tapsavsetningar	3	3.611	3.611	12.687	12.687
- Uspefiserte tapsavsetningar	3	22.145	22.145	26.395	26.395
Sum netto utlån og fordringar på kundar		3.245.803	3.176.325	3.058.910	2.987.970
Overtatte eigedelar	3e	2.666	2.666	3.998	3.998
Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. verdipapir m/ fast avkastning					
Utstedt av det offentlege – Sertifikat og obligasjonar		94.686	94.686	132.739	132.739
Utstedt av andre – Sertifikat og obligasjonar		123.940	123.940	47.302	47.302
Sum sertifikat, obl. og andre rentebærande verdipapir	1	218.626	218.626	180.041	180.041
Aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning					
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis	2a	59.196	60.082	70.333	70.333
Andelar i ansvarlege selskap, kommandittselskap m.v.	2a	1.053	1.053	-	-
Sum aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning		60.249	61.135	70.333	70.333
Eigarinteresser i tilknytt selskap	2c	-	1.568	-	2.367
Eigarinteresser i konsernselskap	2b	1.170	-	773	-
Immaterielle eigedelar					
Goodwill		-	4	-	7
Utsett skattefordel	14	1.106	1.963	971	1.696
Sum immaterielle eigedeler		1.106	1.967	971	1.703
Varige driftsmiddel					
Maskinar, inventar og transportmidlar		2.984	8.353	3.041	9.232
Bygningar og andre faste eigedomar		1.826	57.999	1.826	60.420
Andre varige driftsmidlar		4.557	4.557	-	-
Sum varige driftsmiddel	4	9.367	70.909	4.867	69.652
Andre eigedelar					
Finansielle derivat	12	549	549	362	362
Andre eigedelar		4.594	5.397	2.333	3.447
Sum andre eigedelar		5.143	5.946	2.695	3.809
Forskotsbetalingar og opptente ikkje mottekne inntekter					
Opptente ikkje mottekne inntekter		9.355	9.355	14.724	14.724
Overfinansiering av pensjonsforpliktingar	9,14	5.490	5.820	4.880	5.222
Andre forskotsbetalte ikkje påløpte kostnader		2.788	3.920	6.217	6.217
Sum forskotsbetalingar og opptente ikkje mottekne inntekter		17.633	19.095	25.821	26.163
SUM EIGEDELAR	10,11	3.727.950	3.724.424	3.475.621	3.473.248

GJELD OG EIGENKAPITAL	Note	2005 Morbank	2005 Konsern	2004 Morbank	2004 Konsern
GJELD					
Gjeld til kredittinstitusjonar					
Lån og inns. frå kred.inst. med avtalt løpetid eller opps.frist		200.000	200.000	200.000	200.000
Sum gjeld til kredittinstitusjonar	10,11	200.000	200.000	200.000	200.000
Innskot frå og gjeld til kundar					
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		1.961.750	1.958.383	1.773.447	1.771.625
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		343.783	343.783	323.517	323.517
Sum innskot frå og gjeld til kundar	10,11	2.305.533	2.302.166	2.096.964	2.095.142
Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir					
Obligasjonsgjeld		590.373	590.373	606.362	606.362
- Eigne ikkje - amortiserte obligasjonar	12	9.259	9.259	11.904	11.904
Sum gjeld stifta v/utsteding av verdipapir	10,11	581.114	581.114	594.458	594.458
Anna gjeld					
Finansielle derivat	12	526	526	1.084	1.084
Anna gjeld		26.220	26.668	23.306	23.560
Sum anna gjeld		26.746	27.194	24.390	24.644
Påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter		12.313	12.313	11.062	11.062
Avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar					
Pensjonsforpliktingar	9,14	8.186	8.609	6.928	7.209
Sum avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar		8.186	8.609	6.928	7.209
SUM GJELD		3.133.892	3.131.396	2.933.802	2.932.515
EIGENKAPITAL					
Opptent eigenkapital					
Sparebanken sitt fond	15	594.058	594.058	541.819	541.819
Anna eigenkapital		-	-1.030	-	-1.086
Sum opptent eigenkapital		594.058	593.028	541.819	540.733
SUM EIGENKAPITAL		594.058	593.028	541.819	540.733
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	10,11	3.727.950	3.724.424	3.475.621	3.473.248
POSTAR UTANOM BALANSEN					
Betinga forpliktingar					
Garantiar	5	498.369	498.369	528.483	528.483
Pantstillingar	1,5	134.000	134.000	69.700	69.700
Eigenkapitalrelaterte derivat	12	9.259	9.259	11.904	11.904
Sum betinga forpliktingar		641.628	641.628	610.087	610.087

Hallingdal, den 31. desember 2005/6. februar 2006

Torleif Bjella (sign.)
Styreformann

Kjell Vidar Bergo (sign.)
Nestformann

Kjell Kristiansen (sign.)

Kari Beate Lilleaas (sign.)

Vidar Isungset (sign.)

Knut Oscar Fleten (sign.)
Adm. banksjef

Noter til konsernrekneskapen 2005

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

Rekneskapsprinsipp

Dei nytta rekneskapsprinsippa er omtala under dei enkelte notar. Banken har ikkje leasingavtaler eller factoringavtaler.

Konsolidering

Konsernrekneskapen som er lagt fram omfattar SpareBank 1 Hallingdal, samt banken sine heileigde dotterselskap Hemsedal Regnskap AS, SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS og SpareBank 1 Gol Eigedom AS. Interne føringar og mellomværande mellom banken og dei nemnde dotterselskapa blir eliminert.

Note 1: Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank

Heile obligasjonsporteføljen er klassifisert som bankportefølje, og er børsnoterte verdipapir. Obligasjonar er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børskurs 31.12) og kostpris. Porteføljepriippet er nytta. Ut frå dagleg gjennomsnittleg verdipapirbeholdning for obligasjonar/ansvarlege lån på kr 202.802 mill. utgjør avkastninga 3,60%.

Behaldninga av obligasjonar er sett saman slik:

Obligasjonar/ansvarlege lån morbank	Risikoklasse	Bokført verdi	Marknadsverdi
Børsnotert			
Bokført verdi av obligasjonar fordelt på følgjande risikoklasser:			
Utstedt av det offentlege	0%	94.686	94.394
Utstedt av andre	20%	99.194	99.057
Kredittføretak	20%	25.276	25.175
		219.156	218.626
Porteføljenedskriving		530	–
Sum obligasjonar/ansvarlege lån morbank		218.626	218.626

Rentefølsemd på verdipapir

Verdiportefølja til banken hadde ved slutten av året ei rentefølsemd rekna til 758 ved 1%-poeng renteendring. Fastsett ramme for rentefølsemd er 6.900 v/ 1%-poeng renteendring. Plasseringane er innanfor fastsett ramme.

Ansvarleg lånekapital

Ansvarleg lån i kredittinstitusjonar	–
Ansvarleg lånekapital bokført under utlån	2.716
Sum ansvarleg lånekapital	2.716

Note 2a: Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis

Behaldninga er klassifisert som bankportefølje (kortsiktig) og anleggsportefølje.

Behaldninga er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børsverdi 31.12) og kostpris for porteføljane.

Nedskriving blir gjort dersom marknadsverdi for porteføljen er lågare enn kostpris.

Aksjar:	Antal aksjar	Bokført verdi	Marknadsverdi
